


NOREGS ØFISIELLE STATISTIKK



# ELEKTRISITETS- STATISTIKK 1982

ELECTRICITY STATISTICS 1982

STATISTISK SENTRALBYRÅ  
CENTRAL BUREAU OF STATISTICS OF NORWAY

NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK B 462



# ELEKTRISITETSSTATISTIKK 1982

ELECTRICITY STATISTICS  
1982

STATISTISK SENTRALBYRÅ  
OSLO — KONGSVINGER 1984

ISBN 82-537-2055-6  
ISSN 0333-3799

## **EMNEGRUPPE**

(Byråets inndeling)

**Kraftforsyning**

## **ANDRE EMNEORD**

**Gassforsyning**

**Kraftprisar**

**Kraftproduksjon**

**Varmekraft**

**Vasskraft**

## FORORD

Den årlege elektrisitetsstatistikken inneheld oppgåver over talet på elektrisitetsverk, maskininstallasjon, overførings- og fordelingsanlegg, produksjon og forbruk av elektrisk kraft, magasininnhald, investeringar mv. Publikasjonen gir òg opplysningar om gassforsyning.

Elektrisitetsstatistikken for 1982 er utarbeidd etter dei same retningslinene som for 1981. Statistikken byggjer på oppgåver frå kvart enkelt verk. Tabell 2 er utarbeidd av NVE-Vassdragsdirektoratet. Tabell 3 byggjer på data innhenta frå Samkøyringa av kraftverka i Noreg.

Førstesekretær Tyra Marie Hetland har stått for arbeidet med elektrisitetsstatistikken.

Førebels tal for 1982 er gjort kjende i Statistisk ukehefte nr. 4, 1984.

Statistisk Sentralbyrå, Oslo, 3. april 1984

Arne Øien

---

Svein Lasse Røgeberg

## PREFACE

The annual electricity statistics contain statistics on number of establishments, capacity of installed machinery, transmission system and distribution network, production and consumption of electric energy, value added, fixed capital formation etc. The publication also gives information on gas supply.

The electricity statistics for the year 1982 appear in the same form as for the year 1981. The statistics are based on data collected from each individual electricity plant. Table 2 is based on data from the Norwegian Water Resources and Electricity Board and table 3 from the power pool in Norway (Samkøyringa av kraftverka i Noreg).

The publication has been prepared by Ms. Tyra Marie Hetland.

Preliminary figures for the year 1981 have been published in the Weekly Bulletin of Statistics No. 4, 1984.

Central Bureau of Statistics, Oslo, 3 April 1984

Arne Øien

---

Svein Lasse Røgeberg

## INNHALD

	Side
Figurregister .....	7
Tabellregister .....	8
Tekstdel	
1. Omfanget av statistikken .....	13
2. Bedriftsdefinisjonar .....	13
3. Kjennemerke .....	14
Tekst på engelsk .....	20
Tabelldel .....	24
Vedlegg	
1. Skjema for Elektrisitetsstatistikk 1982 .....	83
Utkomne publikasjonar	
Tidlegare utkome på emneområdet .....	95
Publikasjonar sende ut frå Statistisk Sentralbyrå etter 1. januar 1983 .....	96
Standardar for norsk statistikk (SNS) .....	102

### Standardteikn i tabellar

- . Tal er umogleg (ulogisk)
- .. Oppgåve manglar
- Null
- 0 Mindre enn 0,5 av den brukte eininga
- 0,0 Mindre enn 0,05 av den brukte eininga
- Brot i den loddrette serien
- r Retta tal

### Einingar

kW	Kilowatt	= 1 000 W
MW	Megawatt	= 1 000 kW
kVA	Kilovoltampere	= 1 000 VA
MVA	Megavoltampere	= 1 000 kVA
kWh	Kilowatt-time	= 1 000 Wh
MWh	Megawatt-time	= 1 000 kWh
GWh	Gigawatt-time	= 1 000 MWh

## CONTENTS

	Page
Index of figures .....	10
Index of tables .....	11
 Text	
1. Scope .....	20
2. Definitions of establishment .....	20
3. Characteristics .....	20
 Tables .....	 24
 Annex	
1. Questionnaires .....	83
 Publications	
Previously issued on the subject .....	95
Publications issued by the Central Bureau of Statistics since 1 January 1983 .....	96
Standards for Norwegian Statistics (SNS) .....	102

### Explanation of Symbols in Tables

- . Category not applicable
- .. Data not available
- Nil
- 0 Less than 0.5 of unit employed
- 0.0 Less than 0.05 of unit employed
- Break in the homogeneity of a vertical series
- r Revised

### Units

kW	Kilowatt	= 1 000 W
MW	Megawatt	= 1 000 kW
kVA	Kilovoltampere	= 1 000 VA
MVA	Megavoltampere	= 1 000 kVA
kWh	Kilowatt-hour	= 1 000 Wh
MWh	Megawatt-hour	= 1 000 kWh
GWh	Gigawatt-hour	= 1 000 MWh

## FIGURREGISTER

	Side
1. Kart over elområde og fylke .....	23
2. Nyttbar, utbygd og ikkje utbygd vasskraft. Fylke. Tal pr. 31. desember 1982 .....	28
3. Produksjon og forbruk av elektrisk kraft. Fylke .....	50
4. Tilgang og bruk av elektrisk kraft. 1972 - 1982 .....	51
5. Forbruk av elektrisk kraft i hushald og jordbruk pr. innbyggjar. Fylke .....	60
6. Pris pr. kWh medrekna meirverdiavgift i hushald og jordbruk. Fylke .....	61
7. Prisindeksar på elektrisk kraft samanlikna med konsumprisindeksen. 1966 - 1982 .....	71



## TABELLREGISTER

	Side
<u>Hovudtal</u>	
1. Hovudtal .....	24
<u>Utbygd vasskraft</u>	
2. Nyttbar, utbygd, ikkje utbygd og varig verna vasskraft. Fylke. GWh .....	29
<u>Produksjonsanlegget og -utstyret</u>	
3. Reguleringsmagasin etter elområde. Magasininnhald i prosent av fullt magasin .....	30
4. Maskininstallasjon og produksjon, etter art. 1950, 1955 og 1960 - 1982 .....	31
5. Maskininstallasjon etter art og elområde, og etter art, fylke og eigargruppe .....	32
6. Varmekraftaggregat (installert effekt) etter art og elområde/fylke/eigargruppe .....	34
7. Kraftstasjonar etter storleik. 1958 - 1982 .....	35
8. Talet på stasjonar og maksimalyting, etter art og elområde, og etter art, fylke og eigargruppe .....	36
9. Nye aggregat sette i drift og gamle demonterte i året, etter art. Fylke .....	38
10. Kraftstasjonar etter turbinstorleik (installert effekt) og elområde/fylke/eigargruppe. MW .....	39
11. Kraftstasjonar etter generatorstorleik (installert effekt) og elområde/fylke/eigargruppe. MVA .....	40
12. Vasskraftstasjonar etter storleik (maksimal stasjonsyting) og utnyttningstid .....	41
13. Varmekraftstasjonar etter storleik (maksimal stasjonsyting) og utnyttningstid .....	41
<u>Overførings- og fordelingssystemet</u>	
14. Luftleidningar etter systemspenning og elområde/fylke/eigargruppe. Km .....	42
15. Jord- og sjøkablar, etter systemspenning. Fylke. Km .....	44
16. Fordelingstransformatorar etter elområde/fylke/eigargruppe .....	46
<u>Produksjon og forbruk av elektrisk kraft</u>	
17. Produksjon, import, eksport og bruttoforbruk av elektrisk kraft. 1950, 1955 og 1960 - 1982 .....	47
18. Tilgang og bruk av elektrisk kraft. Elområde. GWh .....	48
19. Eksport og import av elektrisk kraft. Kommersielle (avrekningsmessige) verdiar. MWh. 1960 - 1982 .....	49
20. Produksjon (brutto og netto) av elektrisk kraft, etter art og elområde/fylke/eigargruppe. MWh .....	52
21. Eksport og import av elektrisk kraft, etter art, land og fylke .....	54
22. Leveranse av elektrisk kraft til innanlandske elverk, etter art og elområde/eigargruppe ..	56
23. Forbruk av elektrisk kraft (brutto og netto), etter forbrukargruppe. 1950, 1955 og 1960 - 1982 .....	56
24. Talet på elverk, produksjon, mottak, leveranse av elektrisk kraft, etter type elverk, storleik og elområde .....	58
25. Nettoforbruk av elektrisk kraft, etter forbrukargruppe og elområde/fylke/eigargruppe. Verdi og gjennomsnittsprisar medrekna avgift på elektrisk kraft, utan meirverdiavgift ....	62
26. Forbruk av elektrisk kraft pr. innbyggjar. Fylke. 1979 - 1982. kWh pr. år .....	66
27. Prisar på elektrisk kraft levert til hushald og jordbruk, og til offentleg og privat tenesteyting. Fylke. Øre/kWh .....	67
28. Forbruk av fastkraft og gjennomsnittsprisar på eigenprodusert og kjøpt kraft innan bergverksdrift og industri .....	68
29. Leveranse av tilfeldig kraft til elektrokjellar, etter forbrukargruppe. Fylke. MWh .....	68
30. Forbruk av brensel mv. i alt, etter eigargruppe og art .....	69
31. Prisindeksar på elektrisk kraft og konsumprisindeksar. 1966 - 1982. Indekstal 1979=100 .	70

<u>Bruttoproduksjonsverdi mv.</u>	
32. Bruttoproduksjonsverdi etter elområde og eigargruppe. 1 000 kr .....	72
33. Tilvergingsverdi, bruttoproduksjonsverdi og vareinnsats, etter elområde og eigargruppe. 1 000 kr .....	74
<u>Investering mv.</u>	
34. Innkjøp og reparasjonar av varige driftsmiddel, etter art (1950, 1955 og 1960 - 1982) og etter art og elområde/fylke/eigargruppe. 1 000 kr .....	76
35. Innkjøp og reparasjonar av varige driftsmiddel, etter eigargruppe og art. 1 000 kr .....	78
<u>Gassforsyning</u>	
36. Gassforsyning. Hovudtal .....	80
37. Forbruk av gass målt hos abonnentane. 1969 - 1982 .....	81

## INDEX OF FIGURES

	Side
1. Map showing distribution areas and counties .....	23
2. Potential, developed and not developed water power. County. Not developed by cost group and county. Figures at 31 December 1982 .....	28
3. Production and consumption of electric energy. County .....	50
4. Supply and use of electric energy. 1972 - 1982 .....	51
5. Consumption of electric energy in households and agriculture per capita. County .....	60
6. Price per kWh inclusive of value added tax in households and agriculture. County .....	61
7. Price indices on electric energy compared with the consumer price index. 1966 - 1982 .....	71

## INDEX OF TABLES

	Page
<u>Principal figures</u>	
1. Principal figures .....	24
<u>Developed water power</u>	
2. Potential, developed, not developed and permanently protected water power. County. GWh .	29
<u>The production plant and equipment</u>	
3. Regulation reservoirs by distribution area. Storage capacity in per cent of full storage	30
4. Capacity of installed machinery and production, by type. 1950, 1955 and 1960 - 1982 .....	31
5. Capacity of installed machinery, by type and distribution area, and by type, county and owner group .....	32
6. Thermal power sets (installed capacity), by type and distribution area/county/owner group	34
7. Power stations by size. 1958 - 1982 .....	35
8. Number of stations and maximum output, by type and distribution area, and by type, county and owner group .....	36
9. New generating sets put into operation and others dismantled during the year, by type. County .....	38
10. Power stations by size of turbine (installed capacity) and distribution area/county/owner group. MW .....	39
11. Power stations by size of generator (installed capacity) and distribution area/county/owner group. MVA .....	40
12. <u>Hydro-electric</u> power stations by size (maximum output from the stations) and utilization time .....	41
13. <u>Thermal</u> power stations by size (maximum output from the stations) and utilization time ...	41
<u>The transmission and distribution system</u>	
14. Overhead lines by voltage and distribution area/county/owner group. Km .....	42
15. Underground and submarine lines, by voltage. County. Km .....	44
16. Distribution transformers by distribution area/county/owner group .....	46
<u>Production and consumption of electric energy</u>	
17. Production, imports, exports and gross consumption of electric energy. 1950, 1955 and 1960 - 1982 .....	47
18. Supply and use of electric energy. Distribution area. GWh .....	48
19. Exports and imports of electric energy. Commercial figures. MWh. 1960 - 1982 .....	49
20. Production (gross and net) of electric energy, by type and distribution area/county/owner group. MWh .....	52
21. Exports and imports of electric energy, by type, country and county .....	54
22. Deliveries of electric energy to domestic electricity plants, by type and distribution area/owner group .....	56
23. Consumption of electric energy (gross and net), by consumer group. 1950, 1955 and 1960 - 1982 .....	56
24. Number of electricity plants, production, receipt, delivery of electric energy, by size of plant, type and distribution area .....	58
25. Net consumption of electric energy, by consumer group and distribution area/county/owner group. Value and average prices are inclusive of electricity tax, exclusive of value added tax .....	62
26. Consumption of electric energy per capita. County. 1979 - 1982. kWh per year .....	66
27. Prices on electric energy delivered to households and agriculture, and to public and private services. County. Øre per kWh .....	67
28. Consumption of firm power and average prices on self-produced and purchased energy within mining, quarrying and manufacturing .....	68
29. Delivery of occasional power to electric boilers, by consumer group. County. MWh .....	68
30. Consumption of fuels and lubricants, total, by owner group and type .....	69
31. Price indices on electric energy and consumer price indices. 1966 - 1982. Index figures 1979=100 .....	70

	Page
<u>Gross value of production, etc.</u>	
32. Gross value of production by distribution area and owner group. 1 000 kroner .....	72
33. Value added, gross value of production and intermediate consumption, by distribution area and owner group. 1 000 kroner .....	74
<u>Investments, etc.</u>	
34. Acquisition and repair of fixed assets, by type of capital (1950, 1955 and 1960 - 1982) and by type and distribution area/county/owner group. 1 000 kroner .....	76
35. Acquisition and repair of fixed assets, by owner group and type of capital. 1 000 kroner	78
<u>Gas supply</u>	
36. Gas supply. Principal figures .....	80
37. Consumption of gas measured at the consumers' level. 1969 - 1982 .....	81

## 1. OMFANGET AV STATISTIKKEN

Elektrisitetsstatistikken omfattar næringsgruppene elektrisitetsforsyning (4101) og gassforsyning (4102) i Standard for Næringsgruppering.

Statistisk Sentralbyrå har frå og med 1937 henta inn årlege oppgåver frå elverka over maskininstallasjon, produksjon, leveransar av elektrisk kraft, sysselsetjing, lønskostnader mv.

Statistikken omfattar for det fyrste alle reine fordelingsverk og kraftproduserande elverk som er baserte på sal av elektrisk kraft og som har ein maskineffekt på minst 100 kW. Dessutan omfattar statistikken elverk som føretak i andre næringar driv for forsyning av eigne bedrifter, når maskineffekten er minst 500 kW. Kraftstasjonar som norske interesser delvis eig, og som ligg utanfor landegrensene, er ikkje tekne med i statistikken. Elektrisitetsproduksjonen på kontinentalsokkelen er ikkje teken med.

Frå og med 1973 vart statistikken utvida med følgjande nye kjennemerke: Maksimal stasjonsyting, overførings- og fordelingsanlegg etter art og spenning, fordelingstransformatorar, pumpekraftstasjonar og fordeling av varmekraftstasjonar etter art. Dessutan er forbruk av elektrisk kraft og investeringar fordelte etter fylke.

Frå gassverka er det frå og med 1927 henta inn årlege oppgåver over sysselsetjing, produksjon, vareforbruk mv. Frå og med 1979 er det berre eitt gassverk att i Noreg. For åra før 1961 er statistikken over gassverka publisert i industristatistikken.

Frå og med 1946 er det henta inn årlege oppgåver over investering både i elverka og i gassverka. Bedrifter som ikkje har vore i drift i året, er ikkje med i talet på bedrifter. Tekniske data for desse bedriftene er likevel tekne med i statistikken.

## 2. BEDRIFTSDEFINISJONAR

**B e d r i f t.** I Standard for næringsgruppering er bedrift definert som ei lokalt avgrensa funksjonell eining der det hovudsakleg vert drive aktivitetar som fell innfor ei spesiell næringsgruppe. Dette bedriftsomgrepet er i samsvar med definisjonen av "establishment" i International Standard Industrial Classification of all Economic Activities (ISIC), og som er utarbeidd og tilrådd av SN sitt økonomiske og sosiale råd. Bedrifta i elektrisitetsstatistikken - elverket - avvik noko frå denne generelle bedriftsdefinisjonen, då elverket ikkje refererer seg til den lokale eininga, men omfattar alle dei avdelingane under same eigar der verksemda etter prinsippa i standarden skal grupperast under gruppe 4101 Elektrisitetsforsyning. Produksjonsanlegg, overførings- og fordelingsanlegg som same føretaket eig, vert såleis rekna som ei bedrift, gitt at anlegga ligg i same elområde. Statskraftverka og Samkøyringa er såleis tekne med i statistikken med ei bedrift i kvart av dei fire elområda som landet frå og med 1973 er delt inn i. Dersom eit føretak (den minste juridiske eininga) har to eller fleire kraftstasjonar som er knytte til føretaket sine eigne industribedrifter, er kvar av desse stasjonane skilde ut som eigne elverk sjølv om dei ligg i same elområde. Hydrokonsernet sine kraftstasjonar i Tinn kommune i Telemark er likevel rekna som eitt elverk. Frå og med 1973 opererer statistikken med to fordelingsverk for Hydrokonsernet, eitt i det søraustre og eitt i det sørvestre elområdet.

Elverk som fleire eigarar eig er alltid skilde ut som eigne bedrifter. Dette gjeld t.d. Finndøla, Aurland, Driva kraftanlegg, Bagn kraftverk og I/S Øvre Otra (Brokke).

Dersom eit elverk driv verksemd som krev gruppering i ulike næringsgrupper, t.d. installasjonsavdeling og/eller detaljhandel, er desse skilde ut frå elverket i eigne bedrifter når desse sysselset minst ein person i gjennomsnitt over året. Talet på tilsette og løn til desse vert difor ikkje tekne med i elektrisitetsstatistikken. Elverk som er slått saman i løpet av året, tel berre som ei bedrift.

**I n v e s t e r i n g s b e d r i f t e r.** For å få ei så fullstendig oversikt som mogeleg over investeringane i oppgaveåret, vert det henta inn investeringsoppgåver for kraftanlegg som er under bygging, men som ikkje er komne i drift i statistikkåret. Desse vert ikkje rekna med i bedriftstalet.

### 3. KJENNEMERKE

S y s s e l s e t j i n g. Tala omfattar alle som arbeider i elverka. Mellombels fråverande på grunn av sjukdom, ferie, arbeidskonflikt o.l. er med, mens fråverande på grunn av militærtjeneste er haldne utanfor. Sysseletjinstala gjeld gjennomsnittleg sysseletjing i året.

N y t t b a r o g u t b y g d v a s s k r a f t. Med midlare årsproduksjon meiner ein den produksjonen som kraftverka ville gi i eit midlare år - eit år med normal nedbør - utan andre avgrensingar enn dei som ligg i vassvegar og maskininstallasjon. Tap på grunn av slepping av minstevassføring, fløytingsvatn mv. er det ikkje teke omsyn til, og tala i tabell 2 er difor høgare enn dei i praksis vil verta.

Reguleringsmagasin omfattar dei lagringsplassane i innsjøar, vatn, kunstige basseng e.l. der driftsvatn til kraftstasjonane kan samlast opp i overskottsperiodar for seinare uttapping i underskottsperiodar, slik at uttaket av vatn kan tilpassast det forbrukarane treng, og ikkje må vere avhengig av det naturlege tilsiget.

Magasinkapasitet gir uttrykk for den energien som kan produserast i intervallet frå høgaste til lågaste regulerte vasstand, dersom den blir utnytta i alle kraftstasjonane som eventuelt ligg nedanfor.

Kraftmaskinar omfattar vass turbinar, damp turbinar (eventuelt mottrykksturbinar), stempelmaskinar, bensinmotorar, dieselmotorar, råoljemotorar og gassmotorar. Effektoppgåvene refererer seg til nominell påstempla yting (eventuelt omrekna frå hk) på maskinar installerte pr. 31. desember i oppgåveåret.

Generatorar. Effektoppgåvene for generatorane refererer seg på same måten til påstempla yting ved utgangen av året.

Maksimal stasjonsyting gir uttrykk for summen av det maksimale dei einskilde stasjonane kan yte over ein time. Maksimal stasjonsyting kan vere avgrensa av turbinar, generatorar eller vassvegar. Vidare er det lagt til grunn kva aggregata i stasjonen samstundes kan yte.

Aggregat omfattar kraftmaskin (turbin) og generator. Eit aggregat kan vere sett saman av ein eller fleire turbinar og/eller generatorar.

Vasskraftstasjonar er delte i a) ordinære vasskraftstasjonar og b) pumpekraftstasjonar.

I pumpekraftstasjonar er det installert maskineri både for turbindrift og pumpedrift, og dei vert nytta til å produsere elektrisk kraft, eller som pumpe (dvs. driftsvatnet vert pumpa opp frå eit lågare til eit høgare nivå) alt etter kraftpris og etterspurnad etter elektrisk kraft. Pumpeytingar er ikkje tekne med i statistikken.

Varmekraftstasjonar er delte inn i:

- (1) gassturbin - kraftstasjonar; generatoren vert driven av gassturbin
- (2) diesel-kraftstasjon; oljeforbrenningsmotor av dieseltipe driv generatoren
- (3) mottrykks-kraftstasjon; differansetrykk-energi (vanlegvis innan ein teknisk prosessgang) vert omdanna til elektrisk energi
- (4) varmekraftstasjonar fyrte med olje, gass eller kol
- (5) andre konvensjonelle varmekraftstasjonar

Utnyttingstida i kraftstasjonane er framkomen slik:

Bruttoproduksjon i MWh dividert med den maksimale ytinga i MW for vedkomande kraftstasjon som er lik utnyttingstida i timar.

Overførings- og fordelingsanlegga. Lengda er oppgitt pr. kurs. Stolperekkjer med to kursar er såleis tekne med dobbelt. Einleiarkablar er omrekna til tre-leiarkursar. Stikkleidningar, gatelys og reserveliner er òg med i tala. Sjøkablar omfattar òg kablar i innsjøar.

Fordelingstransformatorar omfattar fordelingstransformatorar som nedtransformerer til forbrukspenning. Det er berre transformatorar som elverka eig som er med; industribedriftene sine eigne transformatorar er berre med når desse har eigne kraftstasjonar. Fordelingstransformatorar i kraftstasjonar er òg med i tala.

Bruttoproduksjon av elektrisk kraft refererer seg til den produksjonen som vert målt på generatorklemmene.

Eige forbruk i kraftstasjonane omfattar det ordinære forbruket i stasjonane (t.d. skinneta, lys mv.) og tap ved opptransformering i kraftstasjonstransformatorane. I ein del kraftstasjonar vert det ikkje gjort målingar etter opptransformering, så tala over eige forbruk byggjer delvis på vurderingar. Forbruk av elektrisk kraft til pumping er ikkje med i eige forbruket.

Tap i overføringsnett omfattar tap i dei anlegga som er med i sentralnett og av overføringslinjer som dei enkelte elverka eig.

Tap i fordelingsnett omfattar òg tap i hovudfordelingsnett. Hovudfordelingsnett kan operere med høgare spenningar enn det som er vanleg for nedre grensa ved overføringsnett.

Import-eksport. All elektrisk kraft som passerer den norske riksgrensa, vert rekna som import eller eksport. Etter "Konsesjonsloven for vandfall, bergverk og annen fast eiendom" av 14. desember 1917 nr. 16, må ein ha konsesjon for å importere eller eksportere elektrisk kraft. Det er berre nokre få elverk i grensetraktene som har fått slikt løyve, og mengda som vert utveksla av desse verka er særst lita i forhold til Statskraftverka si utveksling.

Med kommersielle verdiar forstås ein dei avtalte mottekne/leverte mengdene som er utsette for økonomisk oppgjær. Dei avtalte mengdene treng ikkje nødvendigvis stemme med dei mengdene som fysisk passerer grensa og som vert målte.

Importen og eksporten av elektrisk kraft er i statistikken oppdelt i følgjande grupper:

- (1) kontraktskraft
- (2) tilfeldig kraft
- (3) sperrekraft; kraft importert frå Sverige på kontrakt inngått 1. juli 1974. Kontrakta er pr. 31. desember 1982 på 550 MW. For kontrakta vert det betalt ei fast avgift. I tillegg kjem ein energipris lik oljeekvivalenspris når det vert teke ut kraft på kontrakta.
- (4) utvekslingar utan pengeoppgjær; overføring av kraft frå ein norsk landsdel via dei svenske netta til ein annan norsk landsdel.

Leveransen av elektrisk kraft mellom elverka er oppdelt i:

- (1) fastkraft; vanlege kontraktsbundne avtaler for leveranse mellom elverka
- (2) tilfeldig kraft; leveranse til og frå Samkjøringa, men og tilfeldig leveranse mellom elverk
- (3) konsesjonskraft; leveranse av kraft til elverk som etter konsesjonsvilkåra har rett til kraft som kompensasjon for utbygging av kraftanlegg
- (4) erstatnings-, utvekslings-, frikraft mv.; desse leveransane er ofte ikkje gjenstand for økonomisk oppgjær
- (5) sameigarkraft; omfattar leveranse til elverk som er sameigarar i eit produksjonsanlegg og derfor ikkje avtek krafta frå kraftanlegget etter ein kjøpsavtale.

Mengdetala i MWh oppgitt av kjøpar og seljar refererer seg til same stad. Mottakaren tek gjerne imot krafta nedtransformert referert sentrale nettstasjonar.

Forbruk av fastkraft (sluttleveransar) omfattar og "ikkje-garantert" forbruk, dvs. kraft som vert nytta til same føremål som fastkraft, men der leveringstryggleiken er lågare enn for fastkraft.

Bruttoforbruk av fastkraft er lik bruttoproduksjon fråtrekt netto eksport og tilfeldig kraft til elektrokjellar.

Nettoforbruk er delt inn i følgjande brukargrupper: (Tala i parentes bak bransjenamna refererer seg til Standard for næringsgruppering)

- (1) Bergverk mv.; omfattar kolgruver (21), malmgruver (23) og oljeraffineri (353). I tabell 28 er kraftforbruket i oljeraffineria (353) trekt ut frå (1) Bergverk mv.
- (2) Treforedling; omfattar tresliperi (34111), cellulosefabrikkar (34112, 34113), papir- og pappfabrikkar (34114) og trefiberplatefabrikkar (34115).
- (3) Kjemiske råvarer; omfattar karbid- og cyanamidfabrikkar (35111), produsentar av andre kjemiske grunnstoff (35119), kunstgjødsel-fabrikkar (3512), og basisplast- og kunstfiberfabrikkar (3513).
- (4) Jern og stål; omfattar jern- og stålverk (37101).
- (5) Ferrolegeringar; omfattar ferro-legeringsverk (37102).
- (6) Aluminium; omfattar aluminiumsverk (37201).



(7) Andre metall; omfattar produsentar av andre ikkje-jernhaldige metall (37202).

(8) Annan industri; omfattar industri og bergverksdrift som ikke er teke med ovanfor.

(9) Transport; omfattar drift av jernveg, sporveg og forstadsbane samt taubane o.l. for vanleg person- og/eller varetransport.

(10) Anleggskraft; omfattar byggje- og anleggsverksemd medrekna provisoriske anlegg.

(11) Privat tenesteyting; omfattar private forretningar og kontor, - tenesteytande verksemdar som hotell og restaurantar, - skular mv., - sjukehus og pleieheimar og sosiale institusjonar når desse må betale avgift på elektrisk kraft, - bilverkstader, - vassforsyning, - bank- og finansverksemdar, - eigedomsdrift, - flyplassar mv.

(12) Offentleg tenesteyting; omfattar offentlege gate- og veglysanlegg, - tenesteytande verksemdar, - skular og høgskular mv. og forskingsinstitusjonar, - kyrkjer, sjukehus mv., - militære anlegg, - kontor, - post- og telesamband, - flyplassar, - bank- og finansverksemdar, - administrasjon, - idrettsanlegg, - kinoar mv. og - vass- og gassforsyning.

(13) Hushald og jordbruk; omfattar bustader og fritidshus, jordbruk, gartneri, aldersheimar, daginstitusjonar for barn, barneheimar og felles anlegg for bustader, som garasjar, vaskeri mv.

Tilfeldig kraft; omfattar all leveranse av tilfeldig kraft til elektrokjellar utan omsyn til forbrukarkategori og storleiken på leveringa. Fastkraft levert til elektrokjellar er ført som fastkraft.

Kraftintensiv industri er summen av gruppene (3) til og med (7).

LKAB sitt forbruk av elektrisk kraft i Narvik (transitt av jernmalm) er frå 1979 teke med under (9).

Eiga/kjøpt kraft. Kjøp av elektrisk kraft frå eit anna føretak i same konsernet vert ikkje rekna som kraft motteken frå egne verk.

For kvar av gruppene (8), (11) og (12) vil tidsseriar for fylka kunne endre seg meir enn venta på grunn av f.eks. svakt datagrunnlag i tidlegare år. Desse tre gruppene slått saman vil gi eit rett bilete av forbruksendringane frå år til år.

**B r u t t o p r o d u k s j o n s v e r d i.** Bruttoproduksjonsverdi er definert som summen av:

- (1) leveranse av elektrisk kraft til bedrifter i eige føretak
- (2) sal av fastkraft til andre
- (3) sal av tilfeldig kraft til andre
- (4) sal (leveranse) av elektrisk kraft til andre elverk
- (5) eksport av elektrisk kraft
- (6) transitterings- og transformeringsinntekter
- (7) godtgjersle for montering eller installasjon hos andre
- (8) godtgjersle for reparasjonsarbeid utført for andre
- (9) verdi av egne investeringsarbeid utført av tilsette i bedrifta
- (10) verdi av egne reparasjonsarbeid
- (11) leigeinntekter av bygningar og anlegg
- (12) leigeinntekter av maskinar.

Leveranse av elektrisk kraft til bedrifter i eige føretak omfattar forutan eigenprodusert kraft nytta på vanleg måte som fastkraft, og eigenprodusert tilfeldig kraft til egne elektrokjellar innan føretaket. Interne avrekningsprisar er nytta. Tala er medrekna elektrisitetsavgift.

Sal av fastkraft til andre omfattar all elektrisk kraft levert til sluttforbruk frå fordelingsverk og direkte til storforbrukarar frå produksjonsverk. Leveranse av tilfeldig kraft til bedrifter med mottrykksaggregat vert rekna som fastkraft såframt denne krafta ikkje vert nytta på bedrifta sine elektrokjellar. Verdien er medrekna avgift på elektrisk kraft.

Sal av tilfeldig kraft til andre omfattar elektrokjellane sitt forbruk av tilfeldig kraft. Fastkraft til elektrokjellar er teken med ovanfor.

Sal (leveransar) av elektrisk kraft til andre elverk omfattar forutan alle leveransar til andre elverk (engrosleveransar) og leveransar til elverk i samme føretaket, jfr. bedriftsdefinisjonen; t.d. leveransar mellom områda innanfor Statskraftverka og Samkjøyinga. Vidare vil leveransar frå sameigeverk til eigarverka bli tekne med her med avrekna sjølvkostverdi. Transittleveransar blir likevel ikkje tekne med.

Transitterings- og transformeringsinntekter omfattar den godtgjersla eigaren av overføringsanlegget mottek ved å stille anlegget til rådvelde for andre. Det kan t.d. vera transformator- eller koplingsstasjonar, eller delar av sentralnett.

Godtgjersle for montering eller installasjon hjå andre omfattar opptent verdi (utan meirverdiavgift) av ferdig utført arbeid i året, medrekna delar og materiell som bedriften held.

Godtgjersle for reparasjonsarbeid utført for andre inkluderer òg reparasjonsarbeid utført for andre bedrifter i eige føretak. Verdien av utført reparasjonsarbeid omfattar opptent godtgjersle, utan meirverdiavgift, for slikt arbeid utført etter oppdrag for kundar. Betaling for materiell som bedrifta har halde er òg teke med. Utgifter til reparasjonsarbeid på bedrifta sine eigne bygningar, anlegg, maskinar o.l. er ikkje inkluderte.

Verdi av eigne investeringsarbeid utført av dei tilsette i bedrifta omfattar verdi av byggje- og anleggsarbeid på eigne bygg og anlegg utført i året. Reparasjons- og vedlikehaldsarbeid er ikkje teke med. Dei oppgitte summene inneheld lønskostnader til eigne tilsette og verdien av materialar som bedrifta held.

Verdi av eige reparasjonsarbeid omfattar verdi av reparasjons- og vedlikehaldsarbeid på eigne bygningar, maskinar, anlegg og andre varige driftsmiddel utført i året med tilsette i bedrifta. Summane inneheld lønskostnader til eigne tilsette og verdi av materialar og delar som bedrifta held.

Leigeinntekter av bygningar og anlegg omfattar bruttoinntekt ved utleige av bygningar og anlegg med unntak av overførings- og fordelingsanlegg.

Leigeinntekter av maskinar omfattar bruttoinntekt ved utleige av anleggsmaskinar, transportmiddel, maskinar og andre varige driftsmiddel.

V a r e i n n s a t s. Vareinnsats omfattar:

- (1) mottak (kjøp) av elektrisk kraft frå andre elverk
- (2) import av elektrisk kraft
- (3) overføringsutgifter
- (4) verdi av eige reparasjonsarbeid
- (5) brensel, smøreolje
- (6) andre varer nytta i året
- (7) reparasjonsutgifter betalt til andre
- (8) leige av bygningar og anlegg
- (9) leige av maskinar mv.
- (10) driftsutgifter elles

Mottak (kjøp) av elektrisk kraft frå andre elverk omfattar pr. definisjon det same som (4) under avsnitt "Bruttoproduksjonsverdi". Avviket kjem av at mottakar og leverandør ikkje gir opp dei same verdiane på motteken/levert kraft.

Import av elektrisk kraft. Det er nytta avrekningsmessige (kommersielle) verdiar.

Overføringsutgifter omfattar dei utgiftene som vert belasta mottakaren av krafta utover det han betaler til seljaren. Pr. definisjon skal verdien vere lik (6) under avsnitt "Bruttoproduksjonsverdi". Avviket kan m.a. kome av at mottakaren ikkje har halde desse utgiftene fråskilde, men ført alle utgiftene ved kraftkjøpet samla.

Verdi av eige reparasjonsarbeid er som nemnt teke med under bruttoproduksjonsverdi og også under "Vareinnsats", då eige reparasjonsarbeid ikkje vert rekna for verdiskapande. For definisjon av eige reparasjonsarbeid, sjå under "Bruttoproduksjonsverdi".

Brensel, smøreolje omfattar òg drivstoff til eigne bilar og transportmiddel elles, oppvarming av eigne kontor o.l. Brenselolje til mottrykksaggregat er teke med, men berre så langt mottrykksanlegget kan belastast for olje.

Andre varer nytta i året omfattar driftsmateriell, materialar til eigne reparasjonsarbeid, kontormateriell, matvarer til eigne kantiner og verneutstyr. Dessutan er materialar nytta til eigne investeringsarbeid tekne med her og verdien er gitt medrekna investeringsavgift.

Betalt for reparasjonsarbeid omfattar reparasjon av bygningar, anlegg, maskinar, transportmiddel og andre varige driftsmiddel som bedrifta eig eller disponerer. Tala er gitt utan meirverdiavgift.

Leigeutgifter omfattar utgifter til leige av bygningar, anlegg, maskinar, transportmiddel og andre varige driftsmiddel. Derimot er leige av overførings- og fordelingsanlegg teke med under (3). Med utgifter til leige av bygningar og anlegg meiner ein òg husleige, bortsett frå den delen som gjeld leige av bustadhus.

Driftsutgifter omfattar reklame, telefon, porto, representasjon, diett- og kostgodtgjersle, bilgodtgjersle, utgifter til konsulentar, honorar til styremedlemmer og andre. Derimot er avskrivningar, forsikringspremiar på varige driftsmiddel, finansielle utgifter, skattar o.l. ikkje tekne med.

Tilverkningsverdi. Tilverkningsverdien er lik bruttoproduksjonsverdi med fradrag for vareinnsats. Tilverkningsverdien er gitt utan meirverdiavgift.

B r u t t o i n v e s t e r i n g. Som bruttoinvestering vert rekna (1) innkjøp av varige driftsmiddel, nye eller brukte, som normalt ikkje vert slitne ut i løpet av eitt år, minus (2) sal av varige driftsmiddel. Investeringsarbeid som vert utført av dei tilsette i bedrifta er inkludert i (1).

Maskinar, transportmiddel o.l. vert rekna som innkjøpte i det året utstyret er mottake, utan omsyn til om det har vore i bruk eller ikkje i året. Som nyskaffing av bygningar, anlegg, tomter o.l. er oppgitt bygningar mv. innkjøpte i året og byggje- og anleggsarbeid utført i året for bedrifta si rekning utan omsyn til når betalinga skjer.

Verdien av nyskaffingane gjeld dei faktiske utgiftene, medrekna investeringsavgift, som er påløpt i året utan omsyn til når betalinga finn stad.

Ved sal av driftsmiddel er oppgitt salsverdien av driftsmiddel selde i året.

Fallrettar omfattar berre kjøp, ikkje leige av fallrettar. Del av driftsutgifter i fellesreguleringar og årlege vederlag er heller ikkje tekne med.

Avgrensing mellom vasskraftstasjonar, overføringsanlegg og fordelingsanlegg.

Til vasskraftstasjonar vert rekna alle anleggsdelane i eit vasskraftverk frå og med vassinntak til og med brytarfelt (linefelt) for overføringsliner. Til vassinntak vert òg rekna luker og varegrinder. Tilløpstunnelar medrekna trykksjakter vert tekne med under vasskraftstasjonar.

Overføringsanlegg omfattar overføringsliner (luftliner og kablar) som fører krafta frå kraftstasjon fram til uttaksstasjon i overføringsnettet, og dessutan transformator- og koplingsstasjonar som har direkte tilknytning til overføringsliner.

Fordelingsanlegg omfattar òg hovudfordelingsanlegg.

Lønnskostnader. Lønnskostnader omfattar kontraktsmessig løn, andre ytingar til beste for løns-takaren, arbeidsgivaravgift til folketrygda.

Kontraktsmessig løn omfattar løn til alle tilsette før fradrag av skattar, trygdepremiar, pensjonspremiar o.l., som dei tilsette skal betale i tillegg til kontantløn for normal arbeidstid er det teke med godtgjersle for overtid, provisjon til tilsette seljarar og reisande, tantieme, gratialer, feriegodtgjersle, verdi av avtalte naturalytingar og fri trygdekasse, løn under militærteneste, sjukdom og anna fråvere.

Andre ytingar omfattar m.a. løpande pensjonsutbetalingar til tidlegare tilsette, innbetalingar til premiefond og pensjonsreguleringsfond, tilskott til pensjonsfond, arbeidsgivars del av premiar til sjuke- og ulykkesforsikring etablert ved tariff- eller arbeidsavtale, stønad ved bedriftsulykker og utgifter til fritidsverksemd for dei tilsette.

A v g i f t e r. Det vert henta inn oppgåver over avgifter som det offentlege krev inn av bedriftene. Det vert gitt oppgåver over utgåande meirverdiavgift, inngåande meirverdiavgift med frådragsrett og investeringsavgift. Likeeins vert det henta inn oppgåver over:

(1) Avgift på elektrisk kraft: Hovudregelen er at det skal betalast ei avgift på forbruk av elektrisk kraft. Avgifta er 2,2 øre/kWh frå 1. januar 1981, men bedrifter i nokre industrigrupper kan etter søknad få nedsett avgift. Forbruk av tilfeldig kraft levert til oljeekvivalentpris (til elektrokjellar), kraft som vederlag for redusert produksjon i mottrykksaggregat og elektrisk kraft produsert i varmekraftverk er friteke for avgift. Frå 1. juli 1978 til 1. januar 1981 var avgifta på elektrisk

kraft på 2 øre/kWh, før 1. juli 1978 var avgifta 1 øre/kWh (endra 1. mai 1974 frå 0,4 øre/kWh), og då var forbruk av elektrisk kraft i hushald òg friteke for avgift. Verditala for alle avgiftspliktige grupper er medrekna avgifter, uavhengig av om det er leverandør eller mottakar av krafta som betaler den inn til staten.

(2) Arlege konsesjonsavgifter

(3) Andre offentlege avgifter; omfattar kommunalbankavgifter, avgifter til Kraftforsyningens sivilforsvar; avgifter til Damtilsynet, og avgifter til Elektrisitetstilsynet.

O f f e n t l e g e t i l s k o t t omfattar:

(1) Statsstønad

(2) Tilskott frå kommunar og fylkeskommunar

(3) Andre offentlege tilskott

G e o g r a f i s k i n n d e l i n g. Grensa mellom midtre og nordre elområde er endra frå 1981 til 1982. Landet er delt inn i 4 elområde:

(1) Sørøstre elområde; omfattar Østfold, Akershus, Oslo, Hedmark, Oppland, Buskerud, Vestfold, Telemark, Aust-Agder og Vest-Agder med unntak av Sira-Kvina Kraftsekskap. Dessutan Aurland og Borgund i Sogn og Fjordane.

(2) Sørvestre elområde; omfattar Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane, med unntak av Aurland og Borgund. Dessutan Sira-Kvina i Vest-Agder.

(3) Midtre elområde; omfattar Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag, Nord-Trøndelag (Linnvasselv kraftstasjon er ikkje med) og Nordland oppover til og med Sørfold Kraftlags forsyningsområde.

(4) Nordre elområde; omfattar resten av Nordland, dvs. fra Sørfold Kraftlags forsyningsområde, Troms og Finnmark.

Svalbard er med i totaltala, men ikkje i elområdetala.

E i g a r t i l h ø v e. Elverka er i statistikken inndelte i ulike grupper etter om det er staten, kommunar eller private som eig dei. Dei kommunale elverka er igjen inndelte i fylkeskommunale verk, felleskommunale verk og by-/heradskommunale verk.

Statens verk. Denne gruppa omfattar forutan sjølve statskraftverka alle elverk der staten eller ei bedrift som staten eig har skote inn minst 50 prosent av aksje- eller partskapitalen.

Fylkeskommunale verk omfattar elverk som ein fylkeskommune eig åleine.

Felleskommunale verk. Elverk som minst to kommunar eig er rekna som felleskommunale. Denne gruppa omfattar dessutan alle verk som staten, fylke, by-/heradskommunar eller private i felleskap eig dersom ikkje staten har minst 50 prosent eller dei private over 50 prosent av partane. I det fyrste tilfelle vert staten rekna som eigar av verket og i det andre tilfellet private.

By-/heradskommunale verk. Forutan elverk som ein kommune eig åleine omfattar denne gruppa dei elverka der ein kommune har minst 50 prosent av eigarpartane og staten eller private har resten. Der- som andre kommunar eig resten av partane, blir verket klassifisert som felleskommunalt.

Private verk. Alle elverka der private eig over 50 prosent av kapitalen, er plasserte i denne gruppa. Her kjem òg dei elverka som etter konsesjonsvilkåra har falle attende til staten, men som framleis vert drivne av private firma på leigevilkår.

I dei tilfella der fleire av gruppene som er nemnde ovanfor eig eit elverk saman, har ein altså lagt til grunn ein såkalla 50-prosentregel, dvs. data for eit elverk kjem inn i statistikken 100 prosent anten i den eine eller i den andre eigargruppa. Ei slik inndeling gir ei eksakt oversikt over fordelinga av styringsretten.

Byrået kan stille til rådvelde følgjande tabellar med fordelingar av kjennemerke etter eigartilhøve der ein har lagt til grunn det eksakte prosentvise eigartilhøvet: Tabellane 5, 6, 8, 10, 11, 14, 15, 16, 19, 22, 25, 30, 32, 33, 34 og 35.

## 1. SCOPE

The electricity statistics cover the activity groups Electricity supply (4101) and Gas supply (4102) in the Standard Industrial Classification.

Covered by the statistics are (i) public supply undertakings with an installed capacity of 100 kW or more, which have as their central purpose the production, transmission and distribution of electric energy; (ii) electricity plants with an installed capacity of 500 kW or more, which are operated by enterprises in other industry groups for the purpose of satisfying their own requirements. Not included are partly Norwegian-owned plants located outside the country. The electricity production on the Continental shelf is not included.

The following new characteristics were taken into the statistics since 1973: maximum output from the stations, transmission lines and distribution network, distribution transformers and pumping storage power stations.

## 2. DEFINITIONS OF ESTABLISHMENT

The Standard Industrial Classification defines an establishment as a functional unit which at a single physical location is engaged predominantly in activities within a specific activity group. This concept of an establishment conforms to the definition laid down in the International Standard Industrial Classification of all Economic Activities (ISIC). The establishment in the electricity statistics - the electricity plant - deviates somewhat from this general definition in so far as it includes all units belonging to one owner and whose activities according to the principles of the standard should be grouped under 4101 Electricity supply. Production plants, transmission lines and distribution network owned by a single enterprise are accordingly considered as one establishment, if these plants are located in one distribution area.

Electricity plants operated by more than one owner are always considered as separate establishments.

## 3. CHARACTERISTICS

E m p l o y m e n t. The figures include all persons working in the electricity plants. Temporary absence due to illness, vacation, work stoppages, etc., is included, while absence due to military service is excluded. The data relate to average employment during the year.

P o t e n t i a l a n d d e v e l o p e d w a t e r p o w e r. Mean energy production of a year is here defined as quantity of power which can be produced in a mean year - a year of normal rainfall - without any other limitation than waterways and installations. Losses due to minimum flow, floating water, etc., are not considered, and therefore the figures in table 2 are higher than they should ordinarily be.

Prime movers include water turbines, steam turbines (back-pressure turbines), pistons, petrol engines, diesel engines, crude oil engines and gas engines. Capacity data are based on nominal installed capacity (if necessary converted from hp = 0.736 kW) on machines installed at the end of the year.

Generators. Capacity data for generators refer correspondingly to installed capacity at the end of the year.

Maximum output from the stations reflects the sum of maximum output from each station during one hour. This may be restricted by turbines, generators or waterways.

Gross production is measured at the generator busbars.

Imports - exports. All electric power transferred across the border is regarded as imports or exports. Imports and exports of electric power are conditioned by Government concession. Such concession has been granted to only a few electricity plants located in the border districts, and the quantities transferred by these power stations are negligible compared to the transmissions of the State Power System.

Commercial values: The arranged received/delivered quantities are subject of economic settlement.

Imports and exports of electric power are classified into the following categories: contractual deliveries, occasional deliveries, transit deliveries (power transferred from the Norwegian side of the frontier via the Swedish network to another part of Norway), and deliveries according to special contract (deliveries from Sweden according to contract agreed up on 1 July 1974).

Gross consumption of firm power is defined as gross production less net exports and occasional power to electric boilers.

Net consumption is divided into the following groups: (The figures in parenthesis refer to the Standard Industrial Classification (SIC))

(1) Mining, etc.; include coal mining (21), metal ore mining (23), and petroleum refineries (353). In table 28 the electricity consumption in the petroleum refineries is deducted from (1) Mining, etc.

(2) Manufacture of pulp, paper and paperboard (3411)

(3) Manufacture of industrial chemicals (351)

(4) Iron and steel works (37101)

(5) Ferro-alloys works (37102)

(6) Primary aluminium works (37201)

(7) Other non-ferrous metal works (37202)

(8) Other manufacturing industries; include manufacturing and mining and quarrying not included above

(9) Transport; includes railway transport and tramway/subway transport

(10) Construction site power; includes construction (50)

(11) Private services; include private shops and offices, - services as hotels and restaurants, - schools, etc., - hospitals and nursing homes and social institutions if these are imposed taxes on the use of electric power, - workshops for cars, use of electric power, - water supply, - financial institutions, - real estate, - airports, etc.

(12) Public services; include public road and street lighting, - education services, - research, - churches, hospitals, etc., - military construction, - offices, - communication, - airports, - financial institutions, - administration, - sports and athletic installations, - cinemas, etc., - water and gas supply.

(13) Households and agriculture; include dwellings and holiday houses, agriculture, gardenings, old-age houses, day care institutions for children, infant homes and common constructions for houses like garages, laundries, etc.

Occasional power; include all deliveries of occasional power to electric boilers without regard to type of consumer and size of delivery. Firm power delivered to electric boilers is treated as firm power.

Energy intensive industry is equal to the sum of the groups (3) to (7).

Gross value of production is defined as the sum of sales of electric power to (1) own establishments, (2) firm power to other consumers, (3) occasional power to other consumers, (4) other electricity plants, (5) exports, (6) transit and transformers incomes, (7) compensation from others for mounting and installations, (8) - repair work, (9) own work on investment, (10) - repair, (11) receipts from letting of buildings and plants, and (12) - letting of machinery, etc.

Intermediate consumption is defined as the sum of (1) electric energy purchased from other electricity plants, (2) imports, (3) expenditure of transmission of electrical energy, (4) value of own repair work by the employees of the establishments, (5) fuel, lubricating oils and grease, etc., (6) other materials consumed during the year, (7) cost of repair work, (8) renting of buildings and plants, (9) renting of machinery, etc., and (10) working expenses.

Value added is equal to the gross value of production less intermediate consumption. The value added is given exclusive of value added tax.

Gross fixed capital formation is defined as acquisition of fixed assets (new and used) which normally are not worn out in the course of one year less sales of fixed assets. Investment work performed by the employees of an establishment for its own use is also included. The value of gross fixed capital formation is equal to the actual expenses, investment levy included, incurred during the year, irrespective of time of payment.

Wages and salaries. Bonuses, production awards, holiday allowances and wages, and salaries paid during illness are included.

Geographical division. The country is divided into four distribution areas:

(1) Southeastern area: The counties Østfold, Akershus, Oslo, Hedmark, Oppland, Buskerud, Vestfold, Telemark, Aust-Agder and Vest-Agder with the exception of the electricity plant Sira-Kvina. In addition come Aurland and Borgund in the county of Sogn og Fjordane.

(2) Southwestern area: The counties Rogaland, Hordaland and Sogn og Fjordane with the exception of Aurland and Borgund. In addition comes Sira-Kvina in Vest-Agder county.

(3) Middle area: The counties Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag, Nord-Trøndelag (exclusive of Linnvasselv), and Nordland county north to and including Hamarøy and Tysfjord municipalities with the exception of the part of Tysfjord located north and northeast of Tømmeråsfjorden.

(4) Northern area: Rest of Nordland and the counties Troms and Finnmark.

Svalbard is included in the total figures, but not in the figures of the distribution areas.

Ownership. The electricity plants are classified in three major groups according to ownership: Central government, municipalities, private. The municipal plants are sub-divided into county plants, joint municipal plants or rural/urban municipal plants.

